

REKRUTTERING – KRETSLAG – REGIONLAG.

Hordaland skikrets vil retta stor takk til klubbar , foreldre , hoppkomitear for stort engasjement i den gode snøvinteren me har hatt. Særleg stor takk til Bulken og Tunåsen for gode mange viktige renn i denne flotte sesongen . Sesongen starta med 10 deltagarar på første rennet på Framnes. Etter kvart auka antal deltagarar til 40 , 54 og 49 på dei tre siste renna.

Desse lovande rekruitane må me ta vare på framover. Tanken er no å kartleggja kven som ynskjer å vera med på eit kretslag, evt eit regionlag i lag med Sogn og Fjordane.

Dei løparane som vert med på det får då tettare oppfylgjing med t.d enkle øvingar til eigentrening barmark , felles samlingar ein gong i månaden frå juli og utover.-Klubbane får trenarhjelp . Tanken er då tettare oppfylgjing av aldersgruppa 12 år og eldre og eigne rekruit/ motivasjonsamlingar for dei under 12 år.

Dette vert eiga sak på vårmøtet i kretsen på Framnes vidaregåande skule i Kvam 26.05 kl 10 .

Eigen invitasjon med sakliste til vårmøtet kjem i neste veke.

Ber om at klubbane informerer om dette og melder attende innan 20 .mai med namn og alder på interesserte.



Hopp / kombinert Hordaland skikrets .